



Vidar Haugland og Marie Elisabeth Kaldestad på rektorkontoret i Uskedalen.

Klokka 8 i dag heiste rektor/verksemdsleiar Vidar Haugland (65) flagget ved skulen for å markera eit skifte: Marie Elisabeth Kaldestad (55), som skal overta jobben etter han ved årsskiftet, var på plass. I november og desember skal dei arbeida saman.

Han har no vore rektor her i 5 1/2 år.og har 34 år bak seg i bygda.

- Vidar er dyktig, han går av for tidleg, seier den nye rektor om den avtroppande, som er travel med å leggja alt til rette før den fyrste arbeidsdagen hennes i Uskedalen. Ein rundtur i skule og barnehage kjem før ein markering i matøkta. Den nye rektor skal også delta i eit rutinemessig møte etter skuletid.

Marie Elisabeth er frå Vågen på Valen. Der er ho fødd og oppvaksen og der bur ho framleis - saman med ektemann sidan 1974 og lærar ved KVV Knut Jarl Kaldestad Dei har 3 biologiskebarn og 7 fosterbarn. 3 av dei siste er tenåringsar. Paret har 3 biologiske barnebarn.

Det vitnar også om eit stort sosialt sinnelag at Marie Elisabeth i tillegg er knytta til Frivillighetsentralen og går på besøk til eldre.

- Eg er svært opptatt både av barns utvikling og korleis dei eldre har det. Det er ein stor glede i livet, seier ho før ho går over til yrkeslivet:

Marie Elisabeth er ikkje ukjend med skulen og barnehagen i Uskedalen ettersom ho var 1 år i førskulen her i samband med utdanninga si. I 1985 vart ho ferdig med utdanninga ved Bergen Lærarhøgskule og ho er ferdig i år med formell, statlig rektorutdanning.

Frå 2002 til 2007 var ho inspektør ved Undarheim etter å ha hatt andre oppgåver i skulen i ei årrekke. Dei siste 3 åra har ho leia skulen og barnehagen i Bringedalsbygda.

Uskedalen.no spør om den nye rektoren søkte seg til Uskedalen fordi Bringedalsbygda var nedleggjingsstruga og svaret er dette:

- Framfor alt kjenner eg denne skulen som ein god skule. Den er omtrent dobbelt så stor som Bringedalsbygda. Eg ynskjer større utfordringar, nærare bestemt å jobba ved ei verksemd som ikkje er nedleggjingsstruga og der eg kan satsa på skuleutvikling over tid.

- Kanskje er utfordringane også dobbelt så store ved Uskedalen som ved Bringedalsbygda...

- Det er dei heilt sikkert. Men eg likar utfordringar, seier Marie Elisabeth Kaldestad.

Men kva skal så den avtroppande rektoren ta seg til når han blir pensjonist?

- Det veit eg førebels ikkje, men eg blir i alle fall ikkje sitjande inne heile tida, er svaret frå Vidar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Den nye rektoren: -Eg likar utfordringar